



Saksframlegg

Opprustingsbehov i Hamaren - bruk av fond

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		18.06.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Forslag tiltak renna Hamaren

Bakgrunn for saka:

Kommunen ser eit behov for om å sjå nærare på behovet for opprusting og utbetring av renna langs turstien ved Førsvatn, på stien som går opp mot Tretoppvegen i Hamaren aktivitetspark.

Det er særleg i starten og slutten av rennene at det har oppstått utvasking og utrenning av massar. Dersom dette får utvikle seg vidare, kan det føre til større skadar på anlegget, meir omfattande behov for vedlikehald og i verste fall utfordringar knytt til tryggleiken for dei som nyttar stien.

Området er mykje brukt både av gåande og syklende. Kommunedirektøren vurderer det difor som viktig å ta tak i utfordringa før ho utviklar seg til eit større problem. Særleg for syklende kan utvasking og hol i overgangen ved renna utgjere ein risiko, spesielt ved dårleg sikt, skumring eller mørke.

Kommunen har vore i kontakt med Inge Aamlid, som har god kjennskap til området og tidlegare har vore sentral i arbeidet med bygging av renna og Tretoppvegen. Han har kome med forslag til korleis utbetringa kan gjennomførast på ein tenleg måte. Forslaget inneber mellom anna å sikre områda ved start og slutt av rennene betre, mellom anna ved oppmuring med stein og arrondering av massar slik at vidare utrenning blir hindra.

Det er lagt til grunn ei kostnadsramme på inntil kr 100 000 for arbeidet.

Kommunestyret har årleg sett av midlar til vedlikehald og vidare utvikling av Hamaren aktivitetspark. Kommunedirektøren meiner at dette tiltaket fell naturleg inn under føremålet med desse midlane.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; - Legge til rette for tur og fritid i natur og utmark.

Hamaren aktivitetspark er eit viktig friluft- og aktivitetsområde for Fyresdal kommune. Området har stor verdi både for innbyggjarar, hytteeigarar og besøkande, og blir nytta gjennom store delar av året. Det er difor viktig at kommunen følgjer opp nødvendig vedlikehald slik at anlegget held god standard og er trygt å bruke.

Renna langs turstien ved Førsvatn er ein del av infrastrukturen i området. Når det no er registrert utvasking og utrenning av massar ved start og slutt av rennene, er det etter kommunedirektøren si vurdering rett å gjennomføre førebyggjande tiltak. Dersom ein ventar for lenge, kan skadane bli meir omfattande og kostnadene høgare. Det kan og føre til at delar av stien blir mindre tilgjengeleg eller trygg for brukarane.

Forslaget frå Inge Aamlid byggjer på god lokalkunnskap og praktisk erfaring med anlegget. Kommunedirektøren vurderer forslaget som godt og føremålstenleg. Tiltaket vil etter kommunedirektøren si vurdering vere eit relativt avgrensa, men viktig vedlikehaldstiltak som vil bidra til å sikre eksisterande investeringar i området.

Oppmuring med stein og sikring av massane vil kunne hindre vidare utvasking og gje ei meir robust løysing over tid. Dette er særleg viktig i eit område der terreng, vatn og bruksslitasje over tid kan føre til nye skadar dersom overvatn og massar ikkje blir handtert på ein god måte.

Kommunedirektøren meiner vidare at det er rett å nytte dei årlege vedlikehaldsmidlane til Hamaren til dette tiltaket. Midlane er sett av nettopp for å kunne ivareta, vedlikehalde og utvikle området. Tiltaket er ikkje ei ny større investering, men ei naudsynt opprusting og sikring av eksisterande anlegg.

Kostnadsramma på inntil kr 100 000 blir vurdert som realistisk og forsvarleg sett opp mot behovet. Kommunedirektøren meiner at tiltaket bør gjennomførast så snart som praktisk mogleg, slik at ein reduserer risikoen for vidare skade og sikrar god framkomst og trygg bruk av stien.

Konklusjon:

Kommunedirektøren meiner det er behov for å gjennomføre opprusting og sikring av rennene langs turstien ved Førsvatn på stien opp mot Tretoppvegen.

Det er registrert utvasking og utrenning av massar ved rennene, og dette bør utbetrast før skadane utviklar seg vidare. Tiltaket vil bidra til betre tryggleik, mindre framtidig vedlikehaldsbehov og betre ivaretaking av eksisterande anlegg i Hamaren aktivitetspark.

Kommunedirektøren vurderer forslaget til løysing som godt og føremålstenleg, og meiner kostnadene bør dekkast innanfor dei årlege midlane som kommunestyret har sett av til vedlikehald i Hamaren.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre nødvendig opprusting og sikring av rennene langs turstien ved Førsvatn, innanfor ei kostnadsramme på inntil kr 100 000 inkl. mva.

Tiltaket blir finansiert av avsette midlar til vedlikehald og tiltak i Hamaren aktivitetspark.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk